

# Mandat og prosess for valprogram

Målet for programprosessen er at Vestland SV skal stille i fylkestingsvalet 2027 med eit ambisiøst, relevant og konkret valprogram som kan kommuniserast til veljarar i valkampen, og nyttast som arbeidsverktøy av den nye fylkestingsgruppa i perioden 2027-2031.

Fylkesårsmøtet vel ei programnemnd med sju medlemmer. Seks er direktevalde og ein er vald av Vestland Sosialistisk Ungdom. Nemnda skal veljast med ein leiar, og konstituerer elles seg sjølv. Nemnda skal få sekretærhjelp frå Vestland SV.

## Open innspelsrunde

I løpet av mars skal nemnda sende informasjon til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, politiske utval, studentlag og Vestland SU om korleis dei kan gjere framlegg til programnemnda. Frist for å kome med innspel til nemnda skal vere søndag 31. mai.

Nemnda skal også hente innspel frå organisasjonar og rørsler som det er naturleg for SV å samarbeide med. Nemnda kan også hente innspel offentleg, og frå personar og aktørar som normalt ikkje opptrer politisk.

## Fyrste utkast

Programnemnda skal sende sitt fyrste utkast på høyring innan søndag 17. august. Utkastet sendast til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, politiske utval, studentlag og Vestland SU med informasjon om korleis dei kan gje innspel. Utkastet skal også publiserast offentleg.

Frist for å levere innspel til fyrste utkast er søndag 13. september.

## Andre utkast

Programnemnda skal sende sitt andre utkast på høyring innan søndag 11. oktober. Utkastet sendast til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, politiske utval, studentlag og Vestland SU med informasjon om korleis dei kan gje innspel. Utkastet skal også publiserast offentleg.

Frist for å levere innspel til andre utkast er søndag 15. november.

## **Endeleg framlegg til valprogram**

Programnemnda skal på bakgrunn av innkomne innspel lage endeleg framlegg til valprogram, med frist måndag 11. januar 2027.

## **Vedtak**

Fylkesårsmøtet i 2027 skal vedta endeleg valprogram. Nye framlegg til programmet må difor sendast til fylkesstyret etter fristar som dei set hausten 2026.